



Freka Invest AS
Kvernhusmyrane 25
5914 ISDALSTØ

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/3862 - 19/38

Saksbehandlar:
Linda Folkestad
Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:
03.01.2019

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 188/182 og 188/198

Tiltak:

Byggjestad: Gbnr: 188/182
Tiltakshavar: Freka Invest AS
Ansvarleg søkjar:

Delegasjonssak nr.: 003/19

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkjørsel til kommunal veg for einebustad på gbnr 188/198, Strandvegen 1 Gjervik Ytre.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Teknisk drift har motteke søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle frå kommunal veg. Avkjørsle som søkes utvida bruk for er etablert på gbnr 188/182. Einebustad på gbnr 188/198 har, per i dag, berre godkjent gangtilkomst frå kommunal veg. Ny eigar ønskjer å få etablert kjøreveg over gbnr 188/182 slik at einebustaden på gbnr 188/198 også får avkjørsle frå kommunal veg.

Vurdering/drøfting:

Teknisk drift har vurdert søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle på naboeigedom – Gbnr 188/182, Strandvegen 2. Avstand til to kommunale vegkryss og kommunal bru til Klubben byggefelt gjer at det ikkje er forsvarleg å gje løyve til etablering av avkjørsle frå Bruvegen. Avkjørsle frå Bruvegen vil ikkje kunne stette tekniske krav til avkjørsler fastsett av vegdirektoratet i forskrift og i vegnormal. Tekniske krava skal sørgje for at avkjørsle vert oversiktleg og trygg for dei som nyttar denne, og for dei som ferdast i og langs den offentlege vegen. På gbnr 188/198 langs med Bruvegen har BKK stolper med strømforsyning til bustadfeltet.

Teknisk drift har vurdert at ein felles avkjørsle for gbnr 188/198 (Strandvegen 1) og gbnr 188/182 (Strandvegen 2) er den tryggaste løysinga for eigedomane og for dei som nyttar den kommunevegen. Ved å gje løyve til utvida bruk av avkjørsle på gbnr 188/182 vil ein unngå at ny avkjørsle til gbnr 188/198 kjem i i konflikt med kommunalt vegkryss. Ein vil også hindre at avkjørsler vert etablert for tett. Vegmynde skal, om



nødvendig, samle avkjørsler slik at dei ikkje vert plassert for tett opptil kvarandre og for tett opp mot vegkryss. Ved å tillete ei felles avkjørsle vil gje ein få ein oversiktleg og trygg avkjørsle.

Det vert ikkje teke stilling til parkeringsareal, snuareal eller plassering av tilbygg på noverande tidspunkt. Desse tiltaka er søknadspliktig etter plan og bygningslova. Tiltaka krev også dispensasjon frå byggegrense mot veg. Når byggesøknad ligg føre, vil byggesak innhente uttale frå vegmynde vedkomande tilbygg, parkeringsareal og snuareal, samt dispensasjon frå byggegrense mot veg.

Vi gjer merksam på at det er mogleg å be om førehandskonferanse før innsending av byggesøknad.

Samandrag/konklusjon:


Teknisk drift har vurdert søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle på gbnr 188/182 som tilkomstveg til gbnr 188/198 og komme fram til at det kan gis løyve til utvida bruk av avkjørsle.

Vedtak:


Lindås kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43. Avkjørsle vert godkjent for einebustad på gbnr 188/182 og einebustad på gbnr 188/198.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:


- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius ($r=4\text{m}$), drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsone skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsle.
- Teknisk drift har ikkje teke stilling til plassering av parkeringsareal, snuareal eller planlagt tilbygg da disse tiltaka er søknadspliktig etter plan og bygningslova. Tiltaka krev, i tillegg, dispensasjon frå regulert byggegrense.
- Det skal ligge føre avtale om vegrett over gbnr 188/182. Avtalen skal være tinglyst.
- Ved innsending av byggesøknad skal nytt situasjonskart som viser avkjørsle med svingradius ($r=4\text{m}$) og siktsone i avkjørsle, parkeringsplasser, snuareal og uteoppholdsareal leggest ved søknaden. Siktsone i kommunalt vegkryss (minimum $6\text{ m} \times 30\text{ m}$).



Detaljteikning for avkjørsle



Lengdeprofil for avkjørsle



Vi gjer merksam på at dette vedtaket berre gir løyve til å knytte seg på kommunal veg. Bygging/ utbetring av avkjørsle, slik at den stettar krav i løyve, er søknadspliktig tiltak etter plan og bygningslova.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen
Avdelingsleiar veg

Linda Folkestad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Lindås kommune ved byggesak

Mottakarar:

Freka Invest AS

Kvernhusmyrane 5914
25

ISDALSTØ